



Statsråd Robert Eriksson  
Arbeids- og sosialdepartementet

## Konkurransetutting av attføringstenestene

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Regjeringa har gjort framlegg om å utgreie om ansvaret for varig tilrettelagt arbeid (VTA) skal flyttast frå stat til kommune, jf. Meld. St. 14 (2014-2015) – Kommunereforma – nye oppgaver til større kommuner.

I Stortinget si handsaming av kommunereforma, var formuleringa slik:

*«...ansvaret for hjelpemidler og varig tilrettelagte arbeidsplasser allerede delvis er et kommunalt ansvar, og brukerne trenger et helhetlig tilbud. Målet er å gjennom utredningene finne en naturlig balanse mellom statlig ansvar og kommunalt ansvar. Hensynet til brukerne skal stå i fokus for den løsningen som blir valgt».*

I dag er det staten som finansierer dei fleste VTA-plassane, og tiltaket er organisert under den statlege arbeidsmarknadspolitikken.

Tiltaket er retta mot personar som elles har få moglegheitar til å skaffe seg arbeid i det ordinære arbeidslivet.

I vår region er det fleire verna bedrifter som kan bli råka av ei eventuell endring. Dette gjeld Balestrand Industrier i Balestrand, Indre Sogn ASVO i Årdal, Vik ASVO i Vik, og Sogneprodukter i Sogndal.

Som ordførarar i regionen er vi uroa for ei eventuell endring i organiseringa av VTA-plassar der ansvaret vert flytta frå stat til kommune.

Vi registrerer at utgreiinga skal vera klar til sommar 2016 og ønskjer å kome med følgjande innspel:

Dersom arbeid til utviklingshemma og andre som treng bistand for å fungera i arbeidslivet må konkurrera om midlar i ein trong kommuneøkonomi, er det fare for at tal arbeidsplassar vert kutta, eller at kvaliteten på tilbodet vert dårlegare.

Vekst- og attføringsbedriftene har arbeidsplassar der dei tilsette produserer varer og tenester for ein reell marknad. Dersom arbeidsplassane vert kommunale, kan dette føre til ei gliding frå produksjon og tenesteyting, til rein sysselsetjing eller omsorg.

Personar som i dag har eit godt arbeidstilbod i vekst- og attføringsbedriftene kan risikera at arbeidsplassen vert lagt ned eller gjort om til omsorgs-/aktivitetstilbod. Dei som har behov for ein VTA-plass kan oppleve at kommunen ikkje har råd til å oppretta nye slike arbeidsplassar. Framlegget inneber at dei utviklingshemma og andre som treng bistand i arbeidslivet må kjempa om dei kommunale budsjettkronene, i kamp med skule, barnehagar, omsorgstenester m.m.

Regjeringa har konkurranseutsett store delar av attføringsfeltet, noko som medfører at dei svakaste i arbeidsmarknaden vert ein del av ein marknadsstyrt konkurranse.

Ordførarane i Sogn meiner at dette vil kunne skapa eit dårlegare tilbod til desse brukarane, med auka ustabilitet for den einskilde.

Regjeringa sin politikk gjer at NAV avsluttar samarbeidet med ein stor del vekst- og attføringsbedrifter. Vi meiner at dette ikkje er rett strategi for å møte utfordringane i arbeidsmarknaden.

Med helsing

Harald N. Offerdal  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*